

ÅRSMELDING 2006

TANGO ABRAZO

Tango Abrazo har hatt eit aktivt år i 2006. Dette er det styret har gjennomført i løpet av året:

Milonga og verkstad/practica

Vi har hatt tre milongaer i veka (tirsdag og søndag på Verftet, fredag i Jekteviken), også om sommaren og i romjula. Vi forsøkte å gjeninnføre familiemilonga ein søndag i månaden kl 17, men det var ikkje stor nok oppslutning om dette til at vi ville behalde ordninga.

Det har også blitt halde verkstad to gonger i veka (tirsdagar og fredagar). Oppslutninga om tirsdaysverkstaden har vore god. Fredagane har vore litt dårlegare besøkte - dette gjeld også fredagsmilongaen. Styret har bestemt at fredagsmilongaen skal vere gratis.

Gustavo Funes, tangodansar frå Buenos Aires, har hatt to opphald på omkring ein månad både våren og høsten 2006. I desse periodane har han, i tillegg til å halde eitt nybegynnarkurs og gi privattimar, stått for alle verkstadene i samarbeid med Lin-Christin. Ellers er verkstadene blitt haldne av klubbens interne instruktørar.

Vi har også gjeninnført practicaen. Denne formen er meint å skulle fungere som ein mellomting mellom verkstad og eigentrening. Den som er ansvarleg på practica vil vere kontakt- og hjelpeperson meir enn ein instruktør med eit planlagt opplegg. Tanken er at alle skal få muligheit til å jobbe under veiledning med det dei sjølv ønskjer, og slik få eit meir aktivt forhold til eiga læring.

Kurs

I løpet av året har vi hatt besøk av fleire eksterne instruktørar:

-Kurshelg med ball med oppvisning i Gimle 4-7. februar (forrige styreperiode)

Instruktørar: Luciano Brigante og Karina Guillén

Kurs

Kvinneklasser

Tirsdaysverkstad

(Kurs - forts.)

-Kurshelg 12.-14. mai 2006 i Gimle med festmilonga fredag, og ball med oppvisning i Gimle lørdag.

Instruktører: Sebastian Arce og Mariana Montes

Kurs på tre nivå

DJ: Carlitos

-Kvinnekurs-helg 2.-3. september 2006

Instruktør: Sigrid van Tilbeurgh

-Kurshelg 27.-30. oktober 2006 med festmilonga, og ball på Terminus

Instruktører: Gunilla Rydén og Henrik Ulldal.

Seks timar nivå A, seks timar nivå B

Seks timar instruktørkurs

DJ: Carlitos

-Kurshelg 15.-18. desember 2006 med julemilonga i Jekteviken

Instruktører: Gunilla R. og Henrik U.

Same opplegg som over

-Kurshelg 2.-5. februar 2007 med lørdagsmilonga i Jekteviken

Instruktører: Gunilla R. og Henrik U.

Same opplegg som over

Vi har inngått eit meir langvarig samarbeid med desse populære instruktørane frå henholdsvis Sverige og Danmark. Tanken har vore å skape kontinuitet i læring. Derfor har Gunilla og Henrik også halde instruktørkurs, slik at klubbben sine interne instruktører kan jobbe ut frå ei felles plattform.

Tango Abrazo ønskjer å få fleire aktive medlemmer. Vi har derfor arrangert diverse nybegynnar- og oppfølgjingskurs:

-Nybegynnarkurs (kurs à 12 timar)

Helg januar-februar -Hege og Ole Amund

Helg mars-april -Annabel og Birger

Måndagar september I -Gitte og Gustavo

Helg september II -Sigrid og Gustavo

2

(Nybegynnarkurs - forts.)

Helg oktober -Erik og Sigrid/Divert

Måndagar oktober -Hege og Ole Amund

Helg oktober -Siv og Robert

Helg november -Birger og Silje L.

Helg november -Birger og Annabel

Februar 2007 -Odd og Trud

-Oppfølgjingskurs (kurs à 12 timar)

Torsdagar i februar-mars-Hege og Ole Amund

Torsdagar i april-juni -Birger og Annabel

Torsdagar i oktober -Siv og Mariano

Måndagar i november -Hege og Ole Amund (med påfølgjande
måndags-

milonga to gonger)

Januar-mars 2007 -Birger og Annabel /Sigrid

Styret fekk av årsmøtet i februar 2006 i oppgåve å avgjere om Tango Abrazos nettsider og kalender skulle kunne brukast til å promotere kurs som ikkje var arrangert i regi av Tango Abraso. Vi sa i utgangspunktet nei til dette, men vi har likevel lagt ut informasjon om slike kurs i kalender og på lokalnyheter. Styret sa også nei til at Jekteviken skulle leigast ut til tangokurs som ikkje var i regi/samarbeid med Tango Abraso og som derfor kunne komme i konflikt med klubbens kursopplegg. Vedtaket førte til ein del reaksjonar, og det vart derfor halde eit møte på Verftet 11. juni 2006, der medlemmene i Tango Abraso kunne delta. Møtet viste at det er ulike syn på denne saka, og styret bestemte derfor at vi skulle la klubbens medlemmer avgjere spørsmålet på årsmøtet i februar 2007.

Økonomi

På grunn av stor interesse for tango har det vore mange påmelde på nybegynnar- og oppfølgjingskursa. Dette har gjort at klubben også i år har overskudd, sjølv om vi har gått i minus på kurshelger med eksterne instruktørar. Det at vi leiger ut Jekteviken til salsaklubben gjer at vi ikkje har så store utgifter til lokale.

Det er blitt sendt søknad om støtte frå Norsk Musikkråd for våren 2007.

3

Nytt

Vi har innført ordning med DJ, slik at klubbens egne medlemmer kan få spele musikk på tirsdagsmilongaene.

Anlegget til klubben er tilbake i bruk på Verftet. Vi har også fått det montert i ei kasse som gjer kobling av anlegget enklare for åpne-lukketeamet. Det har blitt påpekt at anlegget er litt tungt og derfor bør på hjul.

Det er etablert ein diskusjonstråd på nettet. Denne er blitt benytta både til diskusjon og praktiske spørsmål omkring tango i Bergen.

Diverse

Det er med jevne mellomrom blitt sendt ut lokalnyheter på epost. Lokalnyhetene ligg også på nettsidene til klubben. Kalenderen og nettsidene er også blitt oppdaterte.

Klubbens medlemmer har deltatt på Dansens Dag samt Kulturnatt 2006, og har også hatt milonga i Grieghallens foyer under Festspillenes oppsetjing av "Maria de Buenos Aires". Annabel inviterte til tango-grillfest og Susanne til etter-milonga-tango i vår.

Ein liten, men trufast gjeng samla seg ein lørdag i september til vaske- og ryddedugnad i Jekteviken. Parketten er også lakka på nytt av tre av klubbens medlemmer. Tusen takk! Vi har også fått rydda gangen i 1. etasje.

Leigekontrakten for Jekteviken vart forlenga kun med eitt år denne gongen, men forhåpentleg får vi forlenge leigeperioden ytterlegare.

Planlagt for våren 2007

- Kurs med Gunilla og Henrik
- Kurshelg (også kvinneklasser) med Sigrid van Tilbeurgh og partner Mazen Kiwan
- Nybegynnar- og oppfølgjingskurs

Styret har bestått av desse sju:

Trud Fagerheim - leiar
Susanne Bygnes - sekretær
Norvald Nytræ Monsen - økonomi
Annabel Balean Guaita - kurs og verkstad
Bernt Andreas Drange - web
Ketil Røed - design
Signe Torsvik - Jekteviken

19. februar 2007

For styret: Trud Fagerheim

